

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato: 25.08.2023

Vår ref.: 202309278-2 Oppgi ved kontakt

Dykker ref.:

NVE si vurdering - Søknad om habitattiltak i Valestrandelva - Osterøy kommune

Vi syner til søknad til Statsforvaltaren dagsett 30.05.2023 og e-post til NVE dagsett 01.06.2023.

Bakgrunn for tiltaket

Saka gjeld habitattiltak i Valestrandelva med bekkar oppstraums vatnet Kringastemma på Osterøy. Eit kunstig vandringshinder ved utløpet av vatnet Kringastemma har avgrensa den anadrome strekninga i vassdraget til 1260 meter sidan 1860-åra. Kringastemma vart tappa ned og det vart etablert ny damkrone med fisketrapp før 2020-sesongen. Total anadrom strekning er no 7,9 km. NORCE har kartlagt vassdraget og føreslått habitattiltak som grunnlag for søknaden.

Statsforvaltaren har gjeve løyve til å gjennomføre tiltaka i tråd med NORCE sin plan på nokre vilkår.

NVE si vurdering

Det er føreslått tiltak i tre delområde i vassdraget:

- elveløp frå sjø opp til vatnet Kringastemma
- bekk Hansdalen oppstraums Kringastemma (nord for Kringastemma)
- bekk Brakvatn/Daltveit oppstraums Kringastemma (søraust for Kringastemma)

I dei tre områda er det føreslått ulike tiltak som ripping/harving, utlegg av gytegrus, blokker og tre, fjerning av sand/silt, vassvegetasjon og mudder, etablere kulpar og å legge til rette for etablering av kantvegetasjon. Det er i tillegg gjeve råd om å avslutte anleggsarbeid ved ei ny bru på ein betre måte mot elva.

Tiltaka er relativt avgrensa, og ingen av dei einskilde tiltaka er store. Tiltaka er planlagt for å betre tilhøva for fisk i vassdraget og vil ha ein positiv verknad på vassdragsmiljøet.



Nokre av tiltaka som er planlagt kan påverke elvebotnen og straumtilhøva slik at det kan oppstå erosjon og sedimentasjon nye stader. Tiltaka er likevel så avgrensa og ikkje teknisk krevjande, og skadepotensiale er vurdert å vere lite, slik at vi meiner at tiltaka kan bli utført slik dei er skissert i planen frå NORCE.

NVE vurderer planane slik dei er lagt fram til ikkje å krevje noko ytterlegare behandling etter reglane i vassressurslova.

NVE si rettleiing om tiltaket

NORCE har råda til at tiltaka vert følgt opp av fiskebiolog under utføring. Vi stiller oss bak dette rådet då det gjev best moglegheit for gode og mest mogleg varige resultat. I tillegg reduserer det faren for utilsikta verknader som auka flaumfare eller erosjon med skadepotensial.

Graving i elv kan føre til utilsikta og ukontrollert erosjon. Det er viktig at det ikkje vert grave gjennom gamal elvebotn ved fjerning av finstoff og etablering av kulpar. Dersom det er behov for å grave djupare enn topp av gamal elvebotn rår vi til at desse einskilde tiltaka vert planlagt betre/meir detaljert, og vert følgt opp av nokon med tilstrekkeleg kompetanse under utføring.

Dimensjonen på dei føreslegne kulpene og omfang av masseuttak kjem ikkje tydeleg fram i NORCE sin plan. Dette bør klargjerast i planen eller av ein fagkunnig under utføring.

Utlegg av blokker kan føre til endra straumingsmønster slik at erosjonstilhøva vert endra. Utlegg bør detaljerast betre i planen, eller følgast opp av ein fagkunnig under utføring.

Vi rår kommunen til å syte føre at tiltaka vert synfart med jamne mellomrom i to-tre år for å avdekke moglege uønskte effektar av tiltaka så tidleg som mogleg.

Vi rår kommunen til å stille krav til å handtere uttak av masse og vegetasjon på ein slik måte at dei ikkje kan bli ført tilbake i vassdraget ved flaum eller avrenning.

Vi rår til at bru-eigar syter føre at tiltak ved bruva vert avslutta på ein slik måte at det både tek omsyn til tryggleiken for bruva og vassdragsmiljøet, i samsvar med NORCE sine råd. (NORCE sin rapport side 11 og figur 7 side 14.)

Viktig informasjon for deg som planlegg tiltak i vassdrag

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige



etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi minner om at tiltaket må avklarast i høve til anna relevant regelverk, for eksempel plan- og bygningslova og lakse- og innlandsfisklova. Viss det er behov for å fjerne kantvegetasjon må de søke til Statsforvaltaren om dispensasjon frå vassressurslova § 11.

Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper for private interesser som følger av tiltaket.

Med helsing

Aart Verhage
regionsjef

Gert Vidar Høgseth
senioringeniør

Dokumentet er godkjent etter interne rutinar og vert sendt utan underskrift.

Mottakarliste:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

Osterøy kommune
STATSFORVALTAREN I VESTLAND